

Tabell C-fk

Saker med særskild fordeling. Fylkeskommunane

Følgjande enkeltsaker ligg i tabell C i 2015:

Kol.	Sak	Departement	Beløp i 1 000 kr
1	Opprusting og fornying av fylkesvegnettet	SD	1 003 400
2	Kompensasjon forskrift om tunnelsikkerhet	SD	272 000
3	Fagskular	KD	407 907
4	Tilskot til barnevern, Oslo	BLD	513 833
5	Kompensasjon for endringar i inntektssystemet	KMD	125 000
6	Sum		2 322 140

Kolonne 1 – Styrking av rammetilskotet som kan nyttast til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet

I saldert budsjett 2014 blei rammetilskotet til fylkeskommunane styrka med 780 mill. kroner, som kan nyttas til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet. Midlane er fordelte mellom fylkeskommunane på same måte som i 2014, men 2014-beløpet er prisjustert og i tillegg auka med 200 mill. kroner.

Kolonne 2 – Kompensasjon for meirutgifter knytt til iverksetjing av tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesvegar

Fylkeskommunane blir påførde meirutgifter når forskrift om minimum tryggleiks krav til visse vegg tunnelar for fylkesveg og kommunal veg i Oslo (tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesveg mv.) blir sett i verk. Oppfylling av krava i forskrifta skal utførast etter ein tidsplan og skal vere fullført innan utgangen av 2019. I 2015 blir fylkeskommunane kompenserte med 272 mill. kroner.

Kolonne 3 – Fagskular

I samband med forvaltningsreforma blei drifts- og finansieringsansvaret for fagskulane overførte til fylkeskommunane i 2010, og tilskotet blei innlemma i inntektssystemet. For åra frå 2010 til 2014 blei det gjort ei særskild fordeling av tilskotet utanfor utgiftsutjamninga på bakgrunn av talet på registrerte fagskulestudentar. Det er i statsbudsjettet for 2015 gjort framlegg om at tilskotet òg i 2015 blir fordelt særskild basert på rapporterte studenttal. Grunnlagstala vil bli oppdatert, slik at talet på registrerte fagskulestudentar hausten 2013 blir lagt til grunn for fordelinga av midlar i 2015 til dei fylkeskommunalt finansierte fagskuleutdanningane.

Kolonne 4 – Barnevernstilskot Oslo

Den delen av det tidlegare hovudstadstilskotet som er grunngjeve i Oslo sitt ansvar for den delen av barnevernet som blei gjort statleg i 2004, er gitt ei særskild fordeling i tabell C. Beløpet for 2014 er prisjustert. I tillegg kjem midlar til kompetansestyrking om barn og unges psykiske helse.

Som ledd i ei kompetansestyrking gjennom etterutdanning i institusjonsbarnevernet, utarbeider Bufdir i 2014 ein utdanningsmodul for opplæring av tilsette i institusjonar om barn og unges psykiske helse. Tiltaket blir hovudsakleg dekt over kap. 854, post 21. Sidan Oslo kommune har ansvaret for institusjonsbarnevernet, blir det for 2015 føreslått å auke kap. 572, post 60 med 400 000 kroner, som blir fordelt særskilt til Oslo kommune.

Kolonne 5 – Kompensasjon for endringar i inntektssystemet

For å lette overgangen til nytt inntektssystem får fylkeskommunar som taper meir enn 200 kroner per innbyggjar på fordelingsverknaden av ny kostnadsnøkkel/innlemming av saker med særskild fordeling i 2015 ein ekstra kompensasjon. Fordelingsverknaden per innbyggjar er vist i kolonne 8 i tabell B-fk. Samla kompensasjon på 125 mill. kroner er fordelt til desse fylkeskommunane etter delen av deira samla tap.

Kolonne 6 – Sum saker med særskild fordeling

Sum av kolonne 1–5. Summen er nytta i tabell 2-fk, kolonne 3.